

Fra: Sverre Solberg
Sendt: 11. september 2014 11:14
Til: Inger Opheim Hindenes
Emne: VS: Hytta på Ostereidet

Og denne til 2014/5634.

Sverre.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Steinbakk [<mailto:BJs@os-ho.kommune.no>]

Sendt: 9. september 2014 12:39

Til: Sverre Solberg

Emne: Hytta på Ostereidet

Bjørn Steinbakk
Øvre Varåsen 50
5210 Os
Lindås kommune
v/ Sverre Solberg.

09.09 2014

Tinglysing av arealoverføring frå gbnr 235/1 til gbnr 234/41 Heltveitvegen 62, 5993 Ostereidet.

Jammen kan ting verta vanskeleg ! Eg veit ikkje heilt korleis eg skal gripa an dette. Det er utruleg at det offentlege forventar at menigmann skal ha innsikt / sjå løysningar i slike saker. Har hatt ein telefonsamtale med sakshandsamaren i kartverket i dag utan å bli noko klokare. Eg treng hjelp! Punktet om føderåd: Ivar og Ingeborg Heltveit har jo begge gått bort, og kan vel derfor ikkje ha rettar om føderåd. Reknar med at føderåd var noko dei oppretta i forhold til etterkomerane som overtok eigendomen. Enten må det la seg gjera å stryka føderådet, eller så er det slik at det er etterkomerane sjølve som sit med føderåd på noko dei sjølve disponerer. Kor er logikken? I forhold til fredningsvedtaket veit eg mindre. Hyttetomta kjem ikkje inn under fredningsvedtaket, men Heltveitgarden gjer. Etter det saksbehandlaren las opp, var det ingen moment i fredninga som ein finn att i den knausen denne arealoverføringa gjeld. Det må då gå an å ovetføra ein slik knaus utan at det skal bli sett på i forhold til dette fredningsvedtaket. Kven som eig ein knaus som ikkje har betydning i forholdet blir vel likegyldig.

Sakshandsamaren i kartverket drog og inn at kjøparen av hytta hadde eit lån på 680 000kr som ein heftelse på eigendomen. Kan dette og vera eit problem? Heftelsen står der uansett om me får gjennomført overføringa eller ei. Dersom overføringa blir gjennomført, blir den nye parten ein del av heftelsen, men dette kjem jo ikkje til å få noko betydning for Heltveitfamilien. Dersom dei tenkjer andre vegen, at dei 2-3 m2 som vart overført til vegen er belasta, må det vel gå an å ordna på dette. Ho trakk og inn forkjøpsretten til Hans Petter Eide. Dette er tatt med som ein heftelse i kjøpskontrakten og må vel derfor kunne og stå som ein heftelse i arealoverføringa. Etter dei samtalane eg har hatt med Hans Petter, har han aldri reelt vore inn på tanken om å bruka retten. Eg har orientert han om salget og vist til paragraf 12 andre ledd i lova om forkjøpsrett. Dette medfører at forkjøpsretten går ut i slutten av denne månaden.

Håper du kan hjelpa oss i arbeidet vidare. Vh Bjørn Steinbakk